



Møtereferat

Bømlo Sokneråd

| | | |
|-------------------|---|-----------------------|
| Sted: | Bømlo kyrkje | Dato: 22.10.20 |
| Frammøtte: | Trygve Totland, Elin Vold, Fríðleif Lydersen, Rolf Magne Skippervik, Laila Bauge og Nancy Helen Olsen | |
| Referent: | Nancy Helen Olsen | |

Dagens ord vart halde av Fridleif

Saksliste:

Sak 48- 58- 2020 - Godkjenning av saksliste og innkalling

Saksliste og innkalling godkjent

Sak 49- 59- 2020 - Godkjenning av referat

Referat godkjent

Sak 50- 60- 2020 - Den lokale liturgiske grunnordningen

Me planlegg å ha eit møte i januar 2021 der me får presentert forslag til innhald i den lokale liturgiske grunnordninga. Fridleif søker prosten om utsetjing av vårt forslag/ valg. Me tenkjer det kan vera greit å presentera forslaget på årsmøtet som er tenkt 14 Mars 2021. Me vel då å ha eit soknemøte i forbindelse med årsmøte. Me diskuterte på sist møte om det kunne vera ein ide å spørje konfirmantane om dei kunne tenkt seg å delteke meir i gudstjenesta. Fridleif tek det opp med konfirmantlæraren.

Sak 51- 61- 2020 - Innkjøp av utstyr til kyrkja

Det er kome ynskje om å kjøpe to store lykter til å ha lys i ute på trappa, samt to stellematter. Linda E. Tufteland vert spurta om å ordne dette.

Kyrkja treng ein restavfallsdunk. Elin høyrer med Trygve om korleis dei gjer det ved dei andre kyrkjene og om han evnt. kan ordne dette.

Sak 52- 62- 2020 - Dugnad - rydding i kyrkja

Det vart gjort mykje ved sist dugnad men det trengs ein til. Me spør om Trygve vil komma med dato på nyåret for ny dugnad. Det vart bestemt at benkene i litlesalen kan selgast. Kyrkjekontoret kan setje i gong prosessen med å få selt desse.

Benkene i kyrkja har varmeelement under. Desse kan lett vera skadande dersom nokon tar på dei eller liknande. Fridleif høyrer med Trygve om noko kan gjerast kan for å unngå skadar.

Sak- 53- 63- 2020 - Informasjon vedrørande utbygging av gravplass

Prosessen går på fram.

Sak- 54- 64- 2020 - Eventuelt

Trygve saknar meir lys over alterdelen. Fridleif snakkar med Trygve L. om dette. Det skulle og vore ein timer på flomlysa ute slik at dei ikkje lyser heile døgnet.

Elin Vold og Laila Bauge var på prostidag i år. Det var intressante foredrag og innlegg.

Sak- 55- 65- 2020 - Offerliste våren 2021

Det er kome forslag til offerliste for våren 2021. 17 Mai gudstjenesta si kollekt til åpne dører vert erstatta med kollekt til søndagsskullearbeidet. Skal ein få til kollekt på gudstenesta på Espevær er ein avhengig av at to stk hjelpt til med dette. Fridleif høyrer om nokon kan stille.